KYSTVERKET

Sortland kommune
Postboks 117
8401 SORTLAND

Dykkar ref	Vår ref	Arkiv nr	Sakshandsamar	Dato
24/2571	2021/10349-4		Tormod Hjørungnes Engen	09/07/2024

Innspel til oppstart av arbeid med planstrategi og revisjon av kommuneplanens samfunnsdel 2024-2034 - Sortland kommune - Nordland fylke

Vi syner til dykkar brev av 01.07.2024 som gjeld ovannemnde.

Kommunal planstrategi har som føremål å drøfte kommunen sine strategiske val med omsyn til samfunnsutvikling og verksemdstyring og å klargjere kva planar ein skal prioritere og arbeide med i løpet av valperioden.

Kommuneplanens samfunnsdel skal gje overordna mål for sektorane si planlegging, og retningsliner for korleis gjennomføre kommunen sine eigne mål og strategiar i den kommunale verksemda. I samfunnsdelen skal ein ta strategiske val for utviklinga av kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon.

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Nærings- og Fiskeridepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning, ferdsla på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med «lov om havner og farvann.» Føremålet med lova er å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg bruk av hamn og farvatn, samstundes med omsyn til eit konkurransedyktig næringsliv og nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.

Kystverket sine innspel

Ut frå Kystverket sitt sektoransvar vil vi oppmode kommunen til å vektlegge planlegging som omhandlar risiko og beredskap mot akutt forureining og handtering av ulukker.

Om kommunen skulle tenkje seg nye fiskerihamner med fiskerihamnekrav som konkurrerer om nasjonale tildelingar, vert det særs viktig med grundig dokumenterte hamneplanar med nytte- kostvurderingar som ein vesentleg del av utgreiingane.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502, 6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: https://kystverket.no

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766

Ser kommunen føre seg eventuelle framtidige utbetringsbehov i farvatnet eller tiltak knytt til sjøtransporten, oppmodar vi kommunen til å spele desse inn til Kystverket i samband med rullering av Nasjonal Transportplan.

Kystverket vil elles på generelt grunnlag oppmode Sortland som fjord- og kystkommune til å fokusere på kommunen sin identitet og historie innanfor fiske, fangst og det maritime næringsliv som ei føring for framtidig vekst og utvikling av lokalsamfunnet. I den samanheng vil vi nemne at samfunnsplanlegginga bør avspeglast i kommunen si arealplanlegging der tilstrekkeleg næringsareal med sjøtilgang og god tilknyting til infrastruktur på land er av stor verdi for det maritime næringsliv.

Vidare at ein i kommunale planar legg vekt på verdien sjøareala har for det maritime næringsliv, sjøtransporten, optimaliserte sjøvegar, framkomeleg farvatn og trygge og funksjonelle hamner.

Med helsing

Ruben Alseth
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Statsforvalteren i Nordland	Postboks 1405	8002	BODØ
Nordland fylkeskommune	Postboks 1485 Fylkeshuset	8048	BODØ